



IDEAS2EVIDENCE
Bygger kunnskap



PENDLING OG BULYST I HARDANGER

Presentasjon av rapport på
Hardangerkonferansen 15. november
2017 i Nordheimsund.

Pelle Engesæter
ideas2evidence

PENDLING OG BULYST I HARDANGER




Grunnlaget

- Rapporten er utarbeida på grunnlag av svar frå 171 arbeidstakarar som pendlar ut frå Hardanger
- Annonse i Hardanger Folkeblad, Hordaland Folkeblad og Hordaland
- Spørjeskjema
- Og nokre telefonintervju
- Registerstatistikk frå SSB
- Alle kommunar er representert
- Kvam har flest med, Granvin er mest overrepresentert
- Seks av 10 er menn
- Utvalet utgjer 9 prosent av 1896 registrerte arbeidstakarar med arbeid utanfor Hardanger (2016/17)
- Utvalet er representativt på regionnivå




Negativ folketalsutvikling

- Hardanger 2017: 22 918 innbyggjarar
- Hardanger 1990: 25 661 innbyggjarar






... og låg utpendlingsdel



Mindre utpendling i 2016 enn i 2013



IDEAS2EVIDENCE
Bygger kunnskap





Kvar pendlar dei til? Og frå?

- Voss
 - Bergen
 - Nordsjøen
-
- Voss
 - Bergen



Kven er pendlarane?

- Dei som pendlar ut frå Hardanger i hovudsak er menn og kvinner mellom 30 og 60 år, men det finst og pendlarar i tidleg 20-åra og seint i 60-åra. 6 av 10 er menn.
- Menn jobbar i privat sektor, kvinner i offentleg sektor
- Mannlege pendlarar arbeider i hovudsak innan industri, oljeutvinning og bygg og anlegg. Pendling til Nordsjøen utgjer ein vesentleg del av desse arbeidsreisene.
- Kvinnene arbeider innan helse og sosialfag, undervisning og offentleg administrasjon. Mange av desse reisene går til Voss frå Granvin og Ulvik.



Pendlarar har høg utdanning

- Dei som pendlar ut frå Hardanger har eit langt høgare utdanningsnivå enn kva ein finn i regionen sett under eitt. (Det same gjeld i endå større grad for dei 33 i innpendlingsutvalet.)
- Om lag halvparten av pendlarane som pendlar ut frå Hardanger har universitets- eller høgskuleutdanning på mellom eitt og tre år.
- Kvinnene har vesentleg høgare utdanning enn menn. 27 prosent av kvinnene har universitets- eller høgskuleutdanning, medan berre 13 prosent av mennene har dette.



Det er viktigare å bu i Hardanger enn å arbeide der

- Dei som pendlar ut av Hardanger gjer dette anten av di dei ikkje får relevant arbeid der dei bur, eller har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen, samstundes som dei av ulike årsaker vel å bu i Hardanger.
- Det er ein noko større del kvinner enn menn som svarar dei pendlar av di dei ikkje får relevant arbeid i Hardanger,
- Ein noko større del menn svarar dei pendlar av di dei har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen.
- Undersøkinga kan peika i retning av at kvinner i noko større grad enn menn ikkje så lett finn arbeid i Hardanger.




Natur og familie veg tyngre enn tilgang på varer og tenestar

- Pendlarar legg meir vekt på fysiske og sosiale tilhøve ved bustadkommunen enn tilgang på varer og tenester for kvifor dei vel å bu i Hardanger
- Ein indikasjon på dette er at pendlarar i større grad vektlegg «vakker natur» og «trygge oppvekstmiljø» som viktige for bulysta, enn tilhøve knytt til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel.



Val av bu-stad





Implikasjoner

- Den *eksistensielle* pendlaren: «Det er her eg høyrer til!»
- Den *pragmatiske* pendlaren: Likar heimbygda, men ikkje for ein kvar pris...

- Kvinner med utdanning kan ha vanskar med å finne relevant jobb i Hardangerkommunar
- Kvinnelege pendlarar jobbar for det meste i offentleg sektor i ein nabokommune (utanfor Hardanger)

- Bør kommunane gjere noko med dette?
- Kva kan dei gjere?
- Kompetansearbeidsplassar



Kvifor er det slik?

- Hardanger har relativt få arbeidstakarar som pendlar ut av regionen jamført med andre regionar i Hordaland som Bjørnefjorden og Nordhordland, men ligg om lag på same nivå som Voss og Sunnhordland. **Kvifor er det slik?**
- Er det av di dei fleste som ikkje får jobb i Hardanger anten alt har flytta ut eller ikkje vender attende etter ferdig utdanning? Med andre ord at det er ein samanheng mellom låg utpendlingsdel, høg utflyttingsdel og låg attendeflyttingsdel?
- Implisitt i dette resonnementet er at dei fleste kommunane i Hardanger er lite integrerte i større arbeidsmarknader, ein situasjon som lett favoriserer utflytting framfor pendling (eller trygd).
- Eller indikerer låg prosentvis utpendling heller at Hardanger – eller deler av Hardanger - i stor grad er «sjølvforsynt» med arbeidsplassar tilpassa arbeidstakarane slik at dei slepp pendle ut?



Kvifor er det slik 2?

- Er det slik at høgt **utdanningsnivå** blant utpendlarar indikerer at Hardanger er attraktivt som buområde for dei med høg utdanning? Med andre ord at Hardanger kan by på så mange kvalitetar for arbeidstakarar med høg utdanning at ein vel å pendle for å kunne bu der?
- Eller er det slik at dei med høg utdanning pendlar ut av di det ikkje er arbeid i regionen tilpassa deira utdanning og kompetanse?
- Eller er det kanskje begge deler?
- Kan det vere at ei arbeidsreise på 45 minutt i større grad vert akseptert av pendlarar med høg utdanning enn av dei med låg utdanning? M.a. av di dei har ein kompetansejobb å reise til? (I så fall bør kommunane satse på trekke til seg slike arbeidstakarar!)



IDEAS²EVIDENCE
Bygger kunnskap

TAKK FOR MEG!